

– Døveskulen i Isinya



Pål Sjørnsen, Gjermund Lygre og Sigbjørn Toskedal på plass på School for the deaf i Kenya. Mange opplevingar rikare og med godt utført oppdrag har dei komme seg heim igjen.



Ein fekk mykje for pengane i Isinya - veldig mykje.



Sigbjørn Toskedal fortalte om brannvern.



Det var tid for ein matpause mell

Sigbjørn Toskedal, Gjermund J. Lygre og Pål Kristian Sjørnsen. Tre menn på viktig oppdrag på den kenyanske landsbygda. Målet er brannsikring og bygging av arbeidsrom på skulen.

Av Alf-Einar Kvalavåg

Dei tre karane er nettopp komne heim frå ein tur til Afrika som heilt klart har sett spor. Dei tre

har på kvar sin måte fått hjelpe til med å inspirere døve barn og vaksne på døveskulen.

– I februar 2025 reiste eg ned på eit spennande oppdrag til Isinya - School for the deaf, i lag med kollega Dag Botn. Dette var i regi av Haugaland brann og redning. Me fekk brannsikra skulen, og hadde opplæring av tilsette og elever. Nå har eg, Pål og Gjermund vore der nede og tatt dette eit steg vidare, seier Sigbjørn Toskedal, som mange kjenner for sitt engasjement både i frivillig arbeid og i brannvesenet.

– **Stort** Sokneprest Gjermund Lygre har fleire gonger vore i Mali i Afrika

og har også snakka om dette ved ulike anledningar her heime. Denne gongen var det til eit heilt anna type land turen gjekk, saman med Pål som bur i Førre.

– Det er ein stor skilnad på desse landa i utgangspunktet. Kenya står fram som eit rikare og meir moderne land på mange måtar. Men også på denne skulen og internatet er det trong for hjelp, ikkje berre økonomisk, men også når det gjeld den kunnskapen som me er så heldige å ha. Me skulle hjelpe til med branntryggleik, bygging av leikeapparat og utstyr til skulen, ulike aktivitetsopplegg for barn og ungdom, innkjøp av verktoy og materialar. Det skulle vise seg at me fekk oppleve mykje meir. Det var stort å sjå korleis dei

hadde laga skulen og internatet, og det var givande å få vere med å utvikle dette vidare, seier Lygre.

– Det var mange høgdepunkt, men kanskje var det aller største då me sette oss i bilen saman med vaktmeisteren og skulle handle inn verktoy. Sigbjørn har starta ein spleis for dette prosjektet, og pengar frå den spleisen skulle nå bytast i verktoy. For det første kan me slå fast at me fekk utruleg mykje bra verktoy for ein pris som me ikkje har i Norge. Bilen blei stappa full. Me gliste, og dei som dreiv butikken gliste, for dette var nok ein dag dei ikkje heilt hadde sett komme. Med verktøyet på plass gjekk me laus på å bygge arbeidsbenkar og anna som skulen skal kunne nytte seg av. I Kenya er

det fokus på at elevar skal kunne jobbe med praktiske fag, og for blinde er det ekstra viktig at dei har tilpassa utstyr og arbeidsplassar. Å få vere ein del av dette var, som Gjermund seier, stort for ein tysværbu, seier Pål Sjørnsen.

Norsk

Marit B. Kolstadbråten er sentral i drifta av internatet, skulen og eit skuleområde som også inkluderer leilegheiter for dei tilsette og diverse andre rom. Ute er det god plass til aktivitetar.

– Det er ekstra motiverande å vere med på å legge til rette for aktivitetar som er lett for dei å halde på med etter at me har reist. Me brukte også mykje av tida på det

i Kenya er vårt Afrika



Nå vil dei invitere til mimrekveld.

Foto: Privat



Pål Sjørnsen dokumenterer nye arbeidsbenkar med mobilen.



Det blei også tid til ein tur ut i naturen der dei trefte desse to.



om slaga. Her frå matsalen på skulen.



Det er alltid rom for litt leik og moro. Uteaktivitetar er ein viktig del av tilbodet ved skulen.

som ein kan kalle sosialisering. Måten dei tok i mot oss på, og måten me fekk kontakt med dei på, er heilt unik og nesten vanskeleg å forklare. Og det er ikkje alltid ei sjølvfølge. Sjølv i 2026 er det mange der som er skeptiske til kvite, og som trur me er der for å utnytte dei. Difor handlar dette mykje om å bygge gode relasjonar og respekt. Marit har gjort og gjer ein viktig jobb her, og det at ho har klart å vere med å bygge opp ein så flott skule gjer at me har tru på at den vil overleve også etter at ho gir seg. Ho er i 70-åra og det er ei grense for alt. Men ein så flott skule vil garantert trekke til seg skuleelevar frå store delar av landet. Byen ligg heller ikkje langt unna millionbyen Nairobi,

og velstående føresette som har blinde eller svaksynte ungar vil nok fange opp dette tilbodet, seier dei tre.

Litt galskap

Dei tre har komme til bygdebladet og snakkar om kapp. Om kor viktig det er med spleis, engasjement og ikkje minst om alt det andre dei fekk oppleve. Om strabasjose bilturar, om nasjonalparker med ville dyr, men aller mest om at dei trur det litle bidraget vil få store konsekvensar.

– Brannsikring av bygg der det er mange svaksynte og blinde til stades er sjølvstøtt svært viktig. Og eg må vel kunne seie at då eg og Botn var der i fjor var det ikkje

brukt mykje tid og ressursar på slikt. Men dei skjønar kor viktig det er og dei var svært interesserte i å lære, seier brannmann Toskedal.

– I tillegg er det viktig å lage leiker og arbeidsstasjonar dei kan nytte seg av. Det er mykje kunnskap om dette, og når ein får godt verktøy, så blir det faktisk mogleg å gjennomføre prosjekt som kan gjere at dei får fleire slike leiker og arbeidsplassar. Det er heller ikkje alltid så mykje som skal til, seier Gjermund Lygre.

Ingen garanti

Dei tre blir litt meir alvorlege når me spør om framtida.

– Det er sjølvstøtt ingen garanti,

men dette er eit område som absolutt bør kunne lukkast. I tillegg vil det vere spleis og oppfølging på dei prosjekta me har starta også vidare framover. Nå håper me å få til ein kveld i kyrkja i Aksdal der me kan invitere folk, og der me kan fortelje om turen og det dei driv med der nede. Det er så mykje interessant at me trur mange vil ha glede av å høyre om det. Kyrkja i Aksdal har låg terskel, så eg trur alle som vil høyre tar turen ein slik kveld. Dette er ikkje eit tradisjonelt prosjekt gjennom misjonsarbeid eller kyrkja. Dette handlar om å engasjere seg og å ha respekt for andre. Tysværbyen brukar å vere raus med slike prosjektarbeid, smiler Gjermund Lygre.

– Turen sommert. Beste minne? – Då me handla verktøy og når Sigbjørn trylla for dei.

– Var det nokre wake up calls?

– Ja, då me skulle køyre til Nairobi på vegen heim så fekk me melding om å køyre utanom ein by der det var varsla store demonstrasjonar og kor det ville vere utrygt. Me tok det hintet og køyrte rundt. Så må me vel nemne at det var konflikt mellom flygeleiarane på veg heim. Me satt lenge i flyet og venta, men heim kom me, avsluttar Sigbjørn Toskedal, Gjermund J. Lygre og Pål Kristian Sjørnsen.